

Ikkje bygging nærare kyrkja enn 60 meter

28.05.2008



Det må reisast eit vegetasjonsbelte mellom Rabben og kyrkja. (Foto. Ola Matti Mathisen)

**Bygging nærare kyrkja enn 60 meter er ikkje tillate med mindre ein får godkjenning av biskopen. Dette må inn i føresegnerne. Det presiserer Bjørgvin bispedømmeråd i ei uttale til reguleringsplanen for turistanlegga**

Campingvognar med tretelt fungerer i praksis som byggverk. Bispedømmerådet vil likevel krevja at dei eksisterande bygga vert fjerna dersom det er høveleg skjerming mellom bygga og kyrkja. Dei ligg relativt lågt i terrenget og det bør vera mogeleg å få til fin vegetasjon mellom desse og kyrkja.

Kyrkjegardskonsulenten har gått inn for å regulere inn eit vegetasjonsbelte mot vest og sør som nødvendig vern for kyrkestaden og bispedømmerådet peikar på dette.

Det er ikkje ønskeleg med fleire nye bygg innanfor dette området og nye bygg må i så fall godkjennast av biskopen.

Kvinnherad kyrjelege fellesråd melde i samband med oppstart av reguleringsplanarbeidet at det kunne vera aktuelt å utvida kyrkjegarden inn på delar av området som no skal regulerast. Kyrkjeverja opplyser no at området likevel ikkje er aktuelt til dette føremålet på grunn av høg vannstand på grunnvatnet.

Av Ola Matti Mathisen